

Innspel frå Rasdalen grendalag i samband med «Framlegg til økonomiplan 2020-2023»

Bakgrunnen til dette innspelet er det som står å lesa under Samferdsel :

«Vurdera å redusera tal km kommunale vegar, då Voss herad har svært høgt tal km veg i høve til innbyggjartalet.»

Vidare under omklassifisering av vegar : «Nedklassifisering – bruksendring av kommunale vegar. Vegar utan fastbuande. Om lag 10 km i økonomiplan-perioden.»

Dette er ei sak som Rasdalen grendalag tok opp i 2018, der Rasdalsvegen ei stund stod på lista over dei vegane som stod i fare for å verta privatisert. No ser me at Voss herad framleis har planar om å nedklassifisera kommunale vegar. Riktignok er det i framlegget ikkje nemnd konkrete vegar, men talet på kilometer er mykje det same som var framme i fjor.

Rasdalen grendalag er framleis heilt klår på at Rasdalsvegen må vera kommunal.

Når det gjeld argumenta våre, viser me til skrivet frå grendalaget til Voss kommune i 2018, datert 5.mai. Rasdalen er eit område som er mykje i bruk, her er det folk som driv med sauehald, og det er folk som er oppe til dagen og arbeider med mangt og mykje. Her er mange hytter i området som vert brukte, dette er eit populært turområde, og det er også eit beiteområde.

Nettopp dette med turområde fekk me erfara i fjor, då var Vibotn ein av stølsturane til Voss kommune. Då fekk svært mange oppleve Rasdalen for fyrste gong. Tilbakemeldingane som me der oppe fekk, var at dette var ein fint område, det var ein god sti inn til Vibotn – og mange nemnde også den spesielle vegen, særleg då partiet gjennom Rasdalsberget.

Rasdalsberget er eit usikkert fjell, der det også gjekk eit stort ras i 2011. Dette kan skje igjen, og då kan det verta umogeleg å utbetra vegen dersom han ikkje er kommunal. Det skulle elles vera naturleg at utgiftene til kommunale vegar i Voss herad må verta betydeleg større enn på ei flatbygd austom.

Me synest det er viktig at Voss herad tek vare på utkantane sine. Når det gjeld Rasdalen, må dei som styrer og bestemmer ikkje sjå seg blinde på postadresser. Aktiviteten i Rasdalen må telja mykje meir enn det. Til orientering kan det såleis nemnast at det skal vera dugnad på grendahuset 8.juni, fellestur til Bolstadstølen 20.juli og sommarfest i grendahuset 27.juli.

Rasdalen grendalag

v/Terje Rasdal

03.06.2019

